

BOKN KOMMUNE

Formannskapet

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 23.05.2016

Møtetid:

Kl. 18:00 –

Møtestad: Boknatun

Saksnr.:

049/16 - 050/16

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Erik Nedrebø	Sp	Emilie Moi Eikje (vald)	

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Tormod Våga
Frå adm. møtte:	Jan Erik Nygaard
Utlevert i møtet:	
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	Tilleggsak tatt opp i møte – Vedlikehaldsplan og parkeringsplass for museum.

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
049/16	Kjøp av eiegenommen gnr. 25 bnr. 1 - fullmakt til rådmannen.
050/16	Vedlikehaldsplan og parkeringsplass for Bokn museum.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.05.2016	049/16	KBU

Saksansv.: Kåre Bua	Arkiv: GBR-25/1 Objekt:	Arkivsaknr 16/296
---------------------	----------------------------	----------------------

Kjøp av eigedommen gnr. 25 bnr. 1 - fullmakt til rådmannen.

Dokumentliste:

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Bokn formannskap gjev rådmannen fullmakt til å kjøpa heile eller deler av gnr. 25 bnr. 1 på Torland i Bokn innaføre ei kostnadsråme på kr 1,5 mill. Kjøpet blir finansiert med låneopptak.
2. I samband med kjøpet får rådmannen fullmakt til å samarbeida med eigarar av tilgrensande bruk. I dette ligg at deling av eigedomen eller makeskifte kan vera aktuelt.
3. Rådmannen får og fullmakt til å forhandla om å skilja frå og selja fritidseigedomen på bruket så lenge dette ikkje kjem i konflikt med kommunen sine primære interesser.
4. Vedtaket i formannskapet blir gjort som hastevedtak med heimel i § 13 i kommunelova.

23.05.2016 FORMANNSKAPET

FS-049/16 VEDTAK:

Tormod Våga satte fram følgjande forslag:
Kostnadsramma blir auka til 2 mill.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg med endring av kostnadsramme frå 1,5 til 2 mill.

Kva saka gjeld:

Saka gjeld kjøp av eigedomen gnr. 25 bnr. 1.

Bakgrunn for saka:

Eigedommen gnr. 25 bnr. 1 ligg ute for sal. Eigedomen grensar til Torlandsvatnet, som er vasskjelde for Bokn vassverk. Det er difor i kommunen si interesse å få hand om eigedomen.

Saksutgreiing:

Eigedommen har, i fylgje utlysinga, eit samla areal på om lag 400 daa. Det står ein fritidsbustad på eigedomen med eit bruksareal på 90 m².

Om lag $\frac{3}{4}$ av strandlina til Torlandsvatnet høyrer til eigedomen og ein stor del av nedslagsfeltet ligg på gnr. 25 bnr. 1. Vassinntak med pumpestasjon, deler av vegen fram til vassverket og deler av råvassleidningen fram mot reinseanlegget på Vaulen ligg på bruket. I samband med den pågåande vassverksutbygginga blir det naudsynt å demma opp Torlandsvatnet. Den aktuelle demninga vil liggja på gnr. 25 bnr. 1.

Med bakgrunn i det som er nemnt over, ser rådmannen det slik at det vil vera svært nyttig for Bokn kommune å eiga bruket.

Sal av landbrukseigedomen krev konsesjon. Det ligg til rette for at bruket eller deler av bruket kan bli tilleggsjord for tilgrensande bruk. Dette synest spesielt å vera aktuelt for gnr. 25 bnr. 2.

Kommunen si primære interesse knytt til eit aktuelt kjøp, er å sikra nedslagsfeltet for vassverket. Det kan difor vera aktuelt å samarbeida med eigarar av nabobruk i samband med kjøpet. Det kan vera aktuelt å selja frå deler av bruket som ikkje ligg i nedslagsfeltet eller som på anna vis har noko å seia for kommunen sine interesser. I samband med dette kan og makebyte kunna bli aktuelt.

Ein kan ikkje sjå at det er i kommunen si interesse å sitja med fritidsbustaden på bruket. Det kan difor bli naudsynt å riva han eller eventuelt å selja han, dersom det kan bli gjort utan at kommunen sine primære interesser knytt til vassverket, blir skadelidande.

Vurdering:

Rådmanne sert det slik at Bokn kommune bør sikra seg heile eller deler av gnr. 25 bnr. 1. Rådmannen ber difor om fullmakt til å kjøpa eigedomen innaføre ei kostnadsråme på kr. 1,5 mill.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.05.2016	050/16	JEN

Saksansv.: Jan Erik Nygaard	Arkiv: K2-C56 Objekt:	Arkivsaknr 16/321
------------------------------------	--	-----------------------------

Vedlikeholdsplan og parkeringsplass for Bokn museum.

Dokumentliste:

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Saka blei tatt opp utanom sakslista.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

.....

Tilleggssak: Vedlikeholdsplan og parkeringsplass for museum.

- Budsjett kr 25.000,-
- Teknisk setter opp gardiner

Forslag:

Formannskapet vedtek å løyve kr 20.000 til forefallent arbeid og kr 40.000,- til parkeringsplass utenfor museumet.

Midlane tas av reserverte løyvingar – post 1.100.292

23.05.2016 FORMANNSKAPET

FS-050/16 VEDTAK:

Formannskapet vedtok samrøystes forslag til vedtak om tilleggspakke for museet.

